

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/9178-1

## Klage på vedtak om skuleskyss

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:

1. Klagen frå Sara Haugland med føresett vert ikkje teken til følgje.
2. Klagen frå Jostein Haugland med føresett vert ikkje teken til følgje.

#### Vedlegg:

- Dei føresette sine merknadar til varselet om omgjerung, dagsett 06.11.16
- Klage frå føresette ved e-post av 17.11.16

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Vedtak om skuleskyss
- Varsel om opphøyr av skyssrett
- Vedtak om omgjerung av skyssrett
- Underinstansen si handsaming av klagen

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

Elevar i vidaregåande skule har rett til gratis skuleskyss dersom avstanden mellom skule og eleven sin heim er meir enn 6 kilometer, jf. opplæringslova § 7-2. Fylkeskommunen er ansvarleg for skuleskyss etter opplæringslova § 13-4.

Ved starten av skuleåret 2016/17 vart dei fleste skuleskysskorta produsert på bakgrunn av Inntakslista til dei ulike skulane eller utfylt søknadsskjema. Dette vart gjort for at flest mogleg skulle få korta raskt i hende etter skulestart. I vedtaksbrevet som følgde med skuleskysskortet, står følgjande:

*«Avstanden kan endre seg dersom det kjem nye vegar som gjer at avstanden til skulen kortare, ved flytting eller byte av skule. Avstanden mellom heim og skule kan verte kontrollmålt av fylkeskommunen, og vedtaket vert oppheva dersom det viser seg at avstanden ikkje er lang nok til at du har rett til fri skuleskyss.»*

Føremålet med kontrollmåling er at alle elevane i fylket får lik handsaming i høve opplæringslova § 7-2. Etter kontrollmåling av avstand ved bruk av [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no) viste det seg at nokre elevar har fått skuleskysskort på feil grunnlag.

Sara Haugland og Jostein Haugland går i 1. klasse på Eid vidaregåande skule, og bur like ved kvarandre på Haugland. Ved starten av skuleåret vart dei innvilga gratis skuleskyss, og tildelt elektronisk skulekort.

Ved kontrollmåling fann fylkesdirektøren at avstanden mellom elevane sin heim og skule er 5,4 km. Fylkesdirektøren varsla begge elevane om at kontrollmålinga synta at dei ikkje har rett på skyss. Dei fekk høve til å uttale seg i saka innan tre veker, jf. forvaltningslova § 16.

Elevane sine føresette kom med felles merknadar til varselet. Dei meiner elevane har rett på skyss grunna den farlege strekinga elevane må gå til skulen, sjå brev av 06.11.16.

Fylkesdirektøren viste til at elevar i vidaregåande skule ikkje har rett på skyss på grunn av farleg skuleveg. Fylkesdirektøren gjorde om dei opphavlege vedtaka om gratis skuleskyss, og kalla attende skuleskysskorta til dei to elevane.

Føresett til Jostein Haugland, Helge Haugland, klaga på fylkeskommunen sine vedtak på vegner av begge elevane. Klagen følgjer vedlagt. Førsett til Sara Haugland har stadfesta at han stiller seg bak klagen som er send inn av Helge Haugland.

Underinstansen fann ikkje grunnlag for å gjere om vedtaket, då avstanden mellom eleven sin heim og skulen er under skyssgrensa. Fylkesutvalet er klageinstans for vedtak om skyss, sjå delegeringsreglementet punkt 3.20 nr. 4.

Dei to elevane bur like ved kvarande, og går den same strekninga til skulen. Foreldra til elevane har sendt inn felles merknadar til varselet, og ei felles klage på vedtaket. Då både faktum i saka, merknadar og klage er heilt like for dei to elevane, vil same moment gjere seg gjeldande for begge elevane, og vurderinga av sakene bli lik. Klagenemnda kan difor handsame klagene i ei sak, men med eit eige vedtakspunkt for kvar elev.

## **2. Klagaren har hovudsakleg gjort gjeldande**

I klagen skriv foreldra at det er korrekt at avstanden frå heim til skule er 5,4 km. Dei meiner likevel at andre høve gjer at elevane har rett til gratis skyss. Foreldra syner særskilt til at vegstrekninga som elevane må gå er farleg, og skriv følgjande om skulevegen til dei to elevane:

*«RV15 fra Haugland til Nordfjordeid har ein mix av 50, 60 og 80 km/t fartsgrense. På delar av vegen er det gang- og sykkelveg samt kommunal veg. Men vi har eit veggparti på ca 1 kilometer der fartsgrensa er 80 km/t utan vegskulder, gangveg eller kommunal veg. Frå kvitstripa til grøft er det 20 cm. Dette partiet er svært trafikkfarlig å gå/sykle på veg til skulen. Det er mykje buss- og tungtransport i tida rundt skulestart og skuleslutt. I tillegg er ikkje vegen opplyst med gatelykter. Vinterstid er det umulig å ferdast sidan snøen ligg heilt inn i vegbana.»*

*«På vinteren må ungdomane gå inne på sjolve riksveien for å i det heile kunne kome fram.»*

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

Elevar i grunnskulen som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda, jf. oppl. § 7-1. Det finst ingen tilsvarande unntaksregel frå avstandsgrensa for elevar i vidaregåande opplæring, sjå oppl. § 7-2. Elevar i vidaregåande skule har såleis ikkje rett til gratis skuleskyss på bakgrunn av at skulevegen er særleg farleg eller vanskeleg. Dette har samband med at alderen til elevane i vidaregåande skule tilseier at dei skal greie å ferdast i trafikken sjølv om tilhøva ikkje er optimale.

Foreldra viser mellom anna til at det berre er gangveg langs delar av vegstrekninga, og heller ikkje opplyst med gatelykter. Ifølgje forarbeida til opplæringslova § 7-2 skal skulevegen «*reknast frå dør til dør etter farande veg*». Med omgrepet «*farande veg*» forstås ein veg som er open for allmenn ferdsel, enten med køyretøy eller til fots. Både privat veg, offentleg veg og gangveg kan reknast som farande veg. Omgrepet «*farande veg*» inneber ikkje noko krav om at det skal vere gatelys eller fortau. Det avgjerande er om vegen er open for ferdsel og framkomeleg.

I klagen krev foreldra at representantar frå fylkeskommunen kjem på synfaring slik at dei «*med sjølvsyn kan sjå den trafikkfarlege vegstrekninga*». Då det berre er elevar i grunnskulen som har rett til gratis skuleskyss som følgje av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, har det ikkje noko å seie i denne saka om skulevegen er særleg farleg eller vanskeleg. Sidan elevane bur meir enn seks km frå skulen har dei under ingen omstende rett til skyss etter opplæringslova. Som underinstansen påpeikar i svaret til foreldra, vil ei synfaring difor ikkje tilføre saka ny relevant informasjon, og det var såleis ikkje naudsynt med synfaring for at saka skulle vere tilstrekkeleg opplyst.

## **4. Konklusjon**

Avstanden mellom elevane sin heim og skulen er målt til 5,4 km, og er såleis under skyssgrensa i oppl. § 7-2. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det er grunnlag for å gjere om fylkesdirektøren for samferdsle sitt vedtak, og tilrår at klagene frå dei føresette til Sara Haugland og Elisabeth Haugland ikkje vert tekne til følgje.